

Referat frå styremøte i KILDEN 10. januar 2014

kl. 13.00-16.00 i KILDEN sitt lokale, Stensberggata 25, Oslo

Til stades:

Styremedlemmar: Anne-Jorunn Berg (leiar), May-Len Skilbrei (nestleiar), Claus Jervell, Hans Wiggo Kristiansen

Direktør for KILDEN: Heidi Elisabeth Sandnes (konstituert)

Observatørar: Lise Christensen, Forskningsrådet og Toril Enger, KILDEN

Sak 1/14 Godkjenning av sakliste

Vedtak: Saklista blei godkjend.

Sak 2/14 Gjennomgang av referat frå styremøte i KILDEN 27. september 2013

Vedtak: Referatet frå møtet 27. september 2013 blei teke til etterretning.

Sak 3/14 Tidsskrift for kjønnsforskning

Redaktørane Hilde Danielsen og Kari Jegerstedt fortalde om arbeidet med tidsskriftet, om kva som fungerer bra og mindre bra, og om kva for utfordringar dei ser framover. I og med at Danielsen og Jegerstedt sluttar som redaktørar etter nummer 3/4-2014, diskuterte styret i etterkant kva som skal gjerast for å rekruttere nye redaktørar.

Vedtak: Styret tek informasjonen frå redaktørane til orientering, og gir konst. direktør i oppdrag å utarbeide notat til styremøtet i februar, for vidare diskusjon. Konst. direktør kontaktar Fagråd for kjønnsforskning og Foreining for kjønnsforskning og oppmodar dei om å komme med forslag til namn på nye redaktørar.

Sak 4/14 Nynorsken sin plass i KILDEN

Vedtak: Konst. direktør skal i samarbeid med staben utarbeide policy om målform.

Sak 5/14: Overleveringsnotat frå styret

Styret diskuterte kva dei ønskjer å melde vidare til neste styre.

Vedtak: Styret slutfører overleveringsnotat på styremøtet i februar.

Sak 6/14 Orienteringssaker

- **Oppfølging av Sak 13/13 Forslag til budsjett 2014-2016**

Forskningsrådet melder at det ikkje er rom for budsjettauke utover prisjustering i denne perioden. Styret tek dette til orientering, og vil diskutere kva konsekvensar det har for KILDENs økonomi på styremøtet i februar.

- **Oppfølging av Sak 14/13: Direktørprosessen**

- Linda Marie Rustad er tilsett som ny direktør i KILDEN, og startar i stillinga 1. mai.

- **Personalsaker**

- Ida Irene Bergstrøm er tilsett i fast stilling som rådgivar frå 1. desember 2013.
- Marte Mesna er forlenga i 50 % 1. januar-31. mars, med oppgåver på Ressursbank for likestilling i forskning.
- Beate Sletvold Øistad er forlenga i 20 % stilling frå 1. januar til 30. juni.
- Heidi Elisabeth Sandnes er konstituert direktør t.o.m. 30. april. Hennes stilling som rådgivar manglar vikar per i dag.

Vedtak: Styret tok desse sakane til orientering.

Sak 7/14 Eventuelt

Lise Christensen påpeikte at forlenging av sitjande styre er satt "til ny direktør er på plass". Ho oppmoda om at sluttdatoen for styret blir protokollført på neste styremøte.

Lise Christensen informerte om at Forskningsrådet sitt program BALANSE har nasjonal kick-off i Oslo 4. februar.

Heidi Elisabeth Sandnes